

Protokoll frå styremøte i Helse Førde HF

Tid: **26.09.2019, kl. 09:30-14:30**
Møtestad: Førde sentralsjukehus, Førde

Styremøtet var ope for publikum og presse

Deltakarar frå styret

Agnes Landstad	Styreleiar
Anne Sissel Faugstad (<i>via video, deltok ikkje på sak 75, 76 og 77</i>)	Nestleiar
Aud Ingrid Espeland	Medlem
Reidar Sandal	Medlem
Ivar Eriksen	Medlem
Arthur Norevik	Medlem
Randi Aven	Medlem
Ole-Magnus Kapstad	Medlem
Lena Thorsnes	Medlem
Audun Nedrebø	Observatør

Forfall

Ole Gunnar Krakhellen, medlem
Tor Vidar Myklebust, medlem

Deltakarar frå administrasjonen

Arve Varden, administrerande direktør
Børge Tvedt, direktør Psykisk helsevern
Olav Hesjedal, direktør Medisinsk klinikk
Tom Guldhav, direktør Kirurgisk klinikk
Arne Skjelten, HR-direktør
Øystein Helleseth, økonomidirektør
Helge Robert Midtbø, direktør Drift og eigedom
Tone Holvik, stadleg leiar NSH/samhandlingssjef
Kjell Inge Solhaug, prosjektdirektør
Anya Therese Markhus, avdelingssjef
Berit Irene Haarklau, referent

Andre deltakarar

Dag Jone Fadnes, overlege Medisinsk avdeling
Ewy Moen, spesialsjukepleiar Medisinsk avdeling

Sakliste

- 070/2019 Godkjenning av innkalling og dagsorden
- 071/2019 Godkjenning av protokoll frå styremøte i Helse Førde HF 26.08.2019
- 072/2019 Administrerande direktør si orientering
- 073/2019 Rapportering frå verksemda per august 2019
- 074/2019 Plan for prehospitale tenester i Helse Førde - høyringsutkast

Saker til orientering:

- 075/2019 Revidert rettleiar for styrearbeid i helseføretak
 - 076/2019 Budsjett 2020 - løypemelding
 - 077/2019 Eventuelt
- Skriv og meldingar

«Styret sitt kvarter»

Styreleiar Agnes Landstad ønska styret, brukarrepresentant, administrasjonen og publikum velkommen til dagens styremøte ved Førde sentralsjukehus.

STYREMØTE STARTA MED FAGLEG ORIENTERING

Spesialsjukepleiar Moen og overlege Fadnes og orienterte om:

Telemonitorering av pasientar med pacemaker i Helse Førde

Telemonitorering er ein metode for fjernavlesing av teknisk data og arytmihistorikk frå pasienten sin pacemaker.

Kva er bakgrunnen for telemonitorering (TM)?

- ✓ Tilgjengeleg teknologi
- ✓ Aukande pasientgruppe
- ✓ Sikkerheit lik som for ordinære kontrollar

Kontrollintervall for pacemaker er ein gang årleg, med oppmøte eller telemonitorering.

Status ang. telemonitorering i Helse Førde:

- ✓ Merkespesifikke system
- ✓ Tilgangar: tre kardiologar og to sjukekepleiarar
- ✓ Antal pasientar med innoperert hjarteeiningar som går til kontroll ved Førde sentralsjukehus er 428. i tillegg går nokre få til kontroll ved Lærdal sjukehus (5)
- ✓ Antal pasientar i TM-system er 173
- ✓ Antal pasientar med TM og pacemaker er 53

Fordelar med telemonitorering:

- ✓ Sikkerheit gjennom tidleg deteksjon av tekniske og kliniske problem, og mogelegheit for tidleg intervensjon. Atrieflimmer
- ✓ Færre oppmøtekontrollar
- ✓ Fleksibilitet
- ✓ Praktiske fordelar med tanke på reiseavstandar, følgje av pårørande, bruk av drosje og ambulanse
- ✓ Livskvalitet og tilfredsheit blir rapportert likt/betre enn ved ordinære kontrollar

Effektar av bruk av telemonitorering for sjukehuset:

- Færre rutinekontrollar på poliklinikken for kardiologane. Betre bruk av denne kompetansen.
- Danning av tverrfagleg team: Sjukepleiar med opplæring både i forhold til monitorering og manuelle kontrollar kan avlaste kardiologane noko i forhold til rutinekontrollar. Oppgåveglidning.
- «Pasienten sitt helsevesen». Vi er tilgjengelege for pasienten på telefon, og fleksible i forhold til kontrollar.
- Mindre legetid, meir sjukepleietid

Oppsummert er telemonitorering ei vinning for både pasienten og sjukehuset.

Styret takka for ei interessant og inspirerende orientering.

070/2019 Godkjenning av innkalling og dagsorden

Styreleiar Landstad leia møtet og orienterte om dagsorden.

Styremedlemmer Krakhellen og Myklebust hadde meldt forfall til styremøte.

Nestleiar Faugstad deltok via video.

Etter styremøte var det dialogmøte mellom styret og KS/kommunane i Sogn og Fjordane.

Vedtak (samrøystes):

Innkalling og dagsorden vart godkjent.

071/2019 Godkjenning av protokoll frå styremøte i Helse Førde HF 26.08.2019

Vedtak (samrøystes):

Styret godkjende og underteikna protokoll frå styremøte 26.08.2019.

072/2019 Administrerende direktør si orientering

Adm. direktør Varden innleia orienteringa med Fjordabladet sitt oppslag om «Utvidar tilbodet», opnar ortopedisk poliklinikk på Nordfjord sjukehus.

Punkt 8 «Nasjonale kvalitetsindikatorar» vart flytta til verksemdsrapporteringa i sak 073/2019.

1. Rapportering tilsynssaker

Vi er første føretak som har hatt tilsyn med utlokaliserte pasientar, og vi har fått avvik.

Direktør Hesjedal orienterte om tilsynet og arbeidet med å lukke avvika.

Adm. direktør Varden orienterte om tiltak iht kjellaren FSS.

2. Oversikt aktuelle høyringar

3. Saker til oppfølging etter styremøte

Pasienthistorie (henv. til AD orientering 25.02.2019) vert til neste møte styremøte 28.10.2019.

4. Helsepersonellvikarar

HR-direktør Skjelten orienterte om rapporten «Bruk av helsepersonellvikarar»

Rapporten er utarbeidd av dei fire regionale helseføretaka.

Bruk av innleige vikarar i Helse Førde viser at vi i 2018 har innleige på 26 millionar kroner.

5. Hornindal kommune – endra fylkesgrense

Adm. direktør Varden orienterte om Hornindal kommune som vert slått saman med Volda og skiftar fylke frå 1. januar 2020. Føretaka skal samarbeide for å få ein smidig overgang. Folketalet i vårt område blir mindre, og det får truleg økonomiske konsekvensar.

6. Europeisk lærebok i patologi

Direktør Hesjedal orienterte om forskning og utviklingsarbeid, der avdeling for patologi har blitt spurdt om å skrive eit avsnitt i ei europeisk lærebok.

7. Nye Førde sjukehus

Prosjektdirektør Solhaug orienterte om status for Nye Førde sjukehus.

Delprosjekt Dagabygget (nybygg phv), arbeidet er i god rute. Anskaffelse av entreprenør for Livabygget (nybygg somatikk), to gyldige og godt gjennomarbeidde tilbod.

Planar for prosess ut 2019:

Det er viktig at manglande arbeidsgrupper kjem på plass. Oppsummering av endringsbehov, i høve til forprosjektet, inn mot styremøte i desember.

Køyreplan for kontrahering av entreprenør:

Per Larsson frå ÅF Advansia har ansvaret for å planlegge og gjennomføre prosessen. Innstilling skal vere klart til neste styremøte 28. oktober.

Prosess fram mot styremøte i desember:

- Rammvilkår for bygging av Livabygget må kvalitetssikrast
- Har vi endringsbehov i høve til forprosjektet, som vil kunne påverke korleis vi skal bygge Livabygget, heilskapen i prosjektet vårt?
- Ramme for løysing av kontorbehov må definerast
- Siste moglegheit for å vurdere større endringar i heilskapen
- Arbeidsgruppene blir prosjektet sitt kontaktpunkt for å drøfte løysingar med omsyn på tenestekvalitet, driftsøkonomi og utviklingsmogelegheit

Styret takka for ei god rapportering og stilte spørsmål om organisasjonsutvikling i prosjektet.

8. Nasjonale kvalitetsindikatorar

Orientering som del under verksemdsrapporteringa (sak 073/2019).

9. Brukarundersøking akuttmottak

Direktør Hesjedal orienterte om brukarundersøking ved akuttmottak, der om lag 50 pasientar har svara på brukarundersøkinga som inneheld 23 spørsmål.

Resultatet viser at dei fleste som har vore innom akuttmottaket føler seg godt ivareteken.

Styret sa at dette er ei gledeleg brukarundersøking.

Vedtak (samrøystes):

Styret tek meldingane til orientering.

073/2019 Rapportering frå verksemda per august 2019

Oppsummering:

Adm. direktør Varden innleia rapporteringa med si vurdering.

Fag og kvalitet:

Utvikling:

Vi må arbeide målretta for å betre dei områda der utviklinga framleis ikkje er god nok. Dette vil gjelde så lenge vi har fristbrot knytt til ventetid for poliklinisk utgreiing, og behandling for einskilde fagområde. Årsaka til dette er desse spesifikke kapasitetsproblema. For fleirtalet av øvrige fagområde, når Helse Førde målsetjingane.

Samanlikning:

Ser vi på nasjonale kvalitetsindikatorar, ligg Helse Førde no midt på treet i høve andre helseføretak når det gjeld samla gjennomsnittleg ventetid og fristbrot. For mange av dei nasjonale kvalitetsindikatorane som helsedirektoratet publiserte no i september 2019, har Helse Førde likevel gode til svært gode resultat.

Aktivitet, HMS og økonomi:

Aktiviteten i august var lågare enn budsjett. Dette var spesielt innanfor Kirurgisk klinikk. Dei andre klinikkane hadde aktivitet om lag som budsjett.

Resultatet vart eit overskot på 0,4 millionar kroner, som er 2,6 millionar lågare enn budsjett.

Meirforbruket på personalkostnader var 1,1 millionar i august, med utfordringar innan medisin og kirurgi.

Samla sjukefråvær i juli var 5,9 prosent. Sjukefråværet viser positiv utvikling i juli samanlikna med førre månad.

Kvalitet og pasienttryggleik:

- Sengepostar – korridorpatientar viser 5, som er stabilt lågt tall
- Stryking av planlagde operasjonar viser 25
- Utvikling i andel heimedialyse i Helse Vest 2016-2018, viser at Helse Førde har 20,9% som har heimedialyse. Det vil verte auka tal dialysetolar i Lærdal sjukehus
- Vi har utarbeidd ein handlingsplan for trygg pleie

Nasjonale kvalitetsindikatorar:

Helse Førde ligg heilt i toppen nasjonalt på fleire av målingane.

Økonomidirektør Helleseeth orienterte om: Aktivitet, bemanning og økonomi

Aktiviteten i august var lågare enn budsjett.

Resultatet i perioden er eit overskot på 0,4 millionar kroner, som er 2,6 millionar lågare enn budsjett. Inntektene er 4,2 millionar lågare enn budsjett. Aktiviteten er lågare enn budsjett i perioden. Utvikling av lønskostander viser budsjettavvik på 17,5 millionar.

Sjukefråværet i juli var 5,9%, som er 1,1% prosentpoeng lågare enn førre månad.

Brutto månadsverk i august var 2332 (34 fleire enn for same periode i 2018) og netto månadsverk var 2068 (52 fleire månadsverk enn for same periode i 2018).

Adm. direktør Varden orienterte om resultat per klinikk og status på tiltak:

Kirurgisk klinikk	-13,3 mill.
Medisinsk klinikk	-12,3 mill.
Psykisk helsevern	2,2 mill.
Stabsområde	9,5 mill.
Budsjetteknisk	7,4 mill.
Sum	-6 mill.

Det vert rapportert på den gylne regel til neste styremøte.

Medisinsk klinikk:

Personalkostnadene har eit samla negativt avvik på 21,6 millionar kroner.

Kirurgisk klinikk:

Det vart hausten 2018 arbeidd ut tiltak for å komme i balanse for budsjett 2019. Det er fortløpande dialog med einingane om tiltaka og i høve nye tiltak. Ein jobbar med bruken av operasjonsteama, for ei betre utnytting av teama.

Basert på prognosen held adm. direktør fast på at Helse Førde skal nå målet om 36 millionar kroner. Vurderinga er at dette er mogleg, men vi treng god aktivitet resten av året.

Styreleiar Landstad oppsummerte på ei god og detaljert rapportering. Inngangsfarten til 2020 blir svært viktig. Den gylne regel er krevjande, og vi må levere på ventetid og fristbrot.

Framlegg til vedtak:

Styret tek administrerande direktør si rapportering frå verksemda per august 2019 til vitende.

Styreleiar Landstad hadde følgjande tillegg:

Styret vil understreke at det er avgjerande å nå resultatkravet for 2019.

Votering:

Adm. direktør Varden sitt framlegg til vedtak med styreleiar Landstad sitt tillegg vart samrøystes vedteke.

Vedtak (samrøystes):

Styret tek administrerande direktør si rapportering frå verksemda per august 2019 til vitende.

Styret vil understreke at det er avgjerande å nå resultatkravet for 2019.

074/2019 Plan for prehospitala tenester i Helse Førde - høyringsutkast

Oppsummering:

Ei breitt samansett prosjektgruppe har utarbeidd utkast til plan for dei prehospitala tenestene i Helse Førde. Planen skal ut på høyring etter gjennomgåing i styret. Endeleg vedtak er planlagt i desember 2019.

Framtidig struktur og organisering for bil- og båtambulansenesta i Helse Førde vert tilrådd:

- Førebu alle stasjonar for tilstadesvakt
- Utvide ordninga med rotasjon mellom stasjonar
- Halde på dagens desentrale struktur med desse endringane:
 - Utvide dagbilen i Lærdal til alle dagar
 - Flytte dagbilen i Luster til Sogndal
 - Ta vekk døgnbilen i Lavik, og dekke området med flåtestyring frå Høyanger/Fjaler
 - Ta vekk døgnbil i Ytre Bremanger og innføre einmannsbetent ambulanseressurs i Kalvåg i eit samarbeidsprosjekt med kommunen
 - Gjennomføre vedtekne endringar i båtambulanseområde sør

Styreleiar Landstad innleia med å gjere ei presisering av kva styret skulle ta stilling til i møtet. Dei tre punkta var:

- *Svarar utkast til prehospital plan på mandatet?*
- *Har det vore ein forsvarleg prosess med god medverknad?*
- *Er planutkastet godt nok til at det kan sendas på høyring?*

Framlegg og innhald i planen skal, saman med høyringsinnspela, behandlast i styret i desember månad.

Administrerande direktør Varden fortalte kort om korleis det har vore jobba for å gjere prosessen så god og grundig som mogeleg, slik at Helse Førde kan rigge dei prehospitale tenestene for framtida.

Klinikkdirektør og prosjektleiar Guldhav orienterte nærmare om innhaldet i høyringsutkast til plan for prehospitale tenester i Helse Førde.

Framlegg til prehospital plan inneheld tilrådingar innan desse sju områda:

- Styringsdata
- Teknologi og innovative løysingar
- Bemanningsmodell i bil- og båtambulansetenesta
- Kompetanseutvikling
- Samhandling internt
- Samhandling eksternt
- Struktur og organisering

Administrerande direktør Varden informerte styret avslutningsvis om at Helse Førde har vore i dialog med Askvoll kommune om samarbeid om ein framtidig samfunnsbåt. Askvoll meldte tilbake at det ikkje er aktuelt for dei å gå vidare med dette då dei sjølv må finansiere 75% av kostnadane.

Styret understreka at administrerande direktør har fullmakt til å gjere redaksjonelle endringar i utkastet før det blir sendt til høyringsinstansane.

Adm. direktør sitt framlegg til vedtak:

1. Styret godkjenner høyringsutkast til plan for prehospitale tenester med dei merknader som har kome fram i møtet.
2. Styret ber administrerande direktør sende utkastet på høyring til kommunar, legevakter og andre interessentar.
3. Planen skal leggest fram for styret til godkjenning i desember 2019.

Styret fremja nytt justert framlegg til vedtak som vart samrøystes vedteke.

Vedtak (samrøystes):

1. Styret meiner at førelagt utkast til prehospital plan svarar på mandatet.
2. Styret er godt nøgd med den grundige prosessen som har leia fram til høyringsutkastet.
3. Styret ber administrerande direktør sende utkast til prehospital plan på høyring til kommunar, legevakter og andre interessentar.

4. Planen skal endeleg behandlast i styret i desember 2019

Saker til orientering:

075/2019 Revidert rettleiar for styrearbeid i

Oppsummering:

Styret i Helse Vest RHF godkjente revidert rettleiar for styrearbeid i sitt styremøte 05.09.2019, styresak 087/19. Tidlegare gjeldande rettleiar blei utarbeidd i 2011 og har ikkje blitt revidert før no. Helse- og omsorgsdepartementet har i mellomtida revidert sin rettleiar for styrearbeid i regionale helseføretak. Rettleiaren gir ei kort orientering om styrearbeid i helseføretak, og er meint å bidra til rolleforståing og rolleutøvinga til styra.

Den revidert rettleiaren har meir tekstdel til følgjande punkt:

- 3.3.3 Internkontroll og risikostyring
- 3.3.4 Tilsetjing og avlønning av dagleg leiar og andre leiande tilsette
- 3.3.6 Avgrensingar i kompetansen til styret
- 4.4.3 Styremøter og arbeidsforma til styret, med nytt avsnitt om opne styremøter
- 4.4.4 Bruk av styreseminar som møteform (nytt avsnitt)

Styret vil arbeide med revidert rettleiar i styreseminar i november 2019.

Vedtak (samrøystes):

Styret tek revidert rettleiar for styrearbeid i helseføretak til etterretning.

076/2019 Budsjett 2020 - løypemelding

Oppsummering:

Helse Førde følgjer retningslinjene for budsjettering som er utarbeidde av Helse Vest. Budsjetteringa i Helse Førde skjer ved at vi på føretaksnivå set rammene for klinikkane. Klinikkane fordelar igjen rammene ned på einingar / seksjonar. Rammene til Helse Førde vert påverka av føringar gitt i budsjettsskriv, styringsdokument og andre skriv. Helse Førde involverer tillitsvalde / verneombod i avdelingane for å sikre at tiltak i budsjetta ikkje får utilsikta effektar i pasientbehandlinga eller HMS for dei tilsette.

Direktør Hellesteth orienterte om ramme og status på budsjettprosessen. Klinikkane er godt i gang med arbeidet og dei har frist til 31. oktober for å levere utkast til budsjett. Det blei understreka at tillitsvalde og vernetenesta skal vere involvert i prosessen.

Endringar frå 2019 budsjettet er at ISF-finansieringa auker med 6 mill og basisramma er auka med 14,8 mill. Auka i basisramme blir held tilbake som reserve.

Det er usikkerhetsmoment knytt til at rammene er foreløpig og vil mellom anna kunne bli påverka av grensejustering når Hornindal vert overført til Helse Møre og Romsdal. I tillegg kan

det kome pålegg om nye oppgåver utan tilhøyrande finansiering. Det vil også vere usikkerheit knytt til regionale prosjekt, prehospital plan og medikament nytta i sjukehus.

Vedtak (samrøystes):

Styret tek administrerande direktør si orientering til vitende.

077/2019 Eventuelt

Skriv og meldingar

Følgjande skriv og melding var sendt ut til styret:

- RHF- styresak 082/19 Ny forskings- og innovasjonsstrategi 2020-2023
- Kvalitetskonferansen 17. oktober 2019

Ref. Berit Irene Haarklau/
Anya Therese Markhus

Agnes Landstad
Styreleiar

Anne Sissel Faugstad
Nestleiar
(via video)

Aud Ingrid Espeland

Reidar Sandal

Ole Gunnar Krakhellen
(sett)

Tor Vidar Myklebust
(sett)

Ivar Eriksen

Arthur Norevik

Randi Aven

Ole-Magnus Kapstad

Lena Thorsnes